



GISKE KOMMUNE

Teknisk forvaltning

Giske Marina
c/o Jarle Johansen Sperravegen 10

6052 Giske

Dykkar ref

Vår ref.: 20/1002 - 128

Dato: 12.06.2023

Informerer Giske kommune om at Giskekaien stenges for ferdsel

Viser til e-post av 07.06 der Giske Marina informerer om sperring av Giskeremen.

Giskeremen er kommunal veg og kan ikke sperrast uten at det er gitt særskilt løyve til dette. Plassering av innretning, tømmer, ved, stein, torv, byggemateriale eller anna på kommunal veg, utanom særskilt opplagsplass for slik bruk, er forbode. Ulovlege sperringar vil bli fjerna for den ansvarlege sin kostnad. Utgifter som kjem av rettinga er tvangsgrunnlag for utlegg. Vi viser til veglova §§ 57-59, sjå vedlegg.

Med helsing

Oddbjørg Kvangersnes
rådgjevar
tlf.: 90 52 90 46
e-post: Oddbjorg.Kvangersnes@giske.kommune.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

Dok.dato Tittel
12.06.2023 Veglova 57-58-59

L21.06.1963 nr. 23 Lov om vegar (veglova). (*)

§ 57.

Det er forbode å skade offentlig veg eller å skade eller ta bort innretning som hører til offentlig veg.

På egedomsområdet til offentlig veg er det forbode utan løyve fra vegstyremakta

- 1) å grave, spreng, ta bort masser, hogge tre eller gjere anna inngrep,
- 2) å sette reklameinnretning eller anna innretning, å legge tømmer, ved, stein, torv, byggemateriale eller anna på annan stad enn der det er laga særskilt offentleg opplagsplass til slik bruk,
- 3) å kaste eller legge søppel, ugras e.l., eller å leide inn kloakkvatn eller drensvatn.

Heilt nær offentlig veg er det utan løyve av vegstyremakta forbode å leggje søppel e.l. på ein slik måte at det kan verke skjemmande eller sjenerande for dei vegfarande eller for drifta av vegen.

Det er forbode å la dyr beite på inngjerda offentlig veg eller å tjore dyr slik at dei kan kome inn på egedomsområdet til offentlig veg.

§ 58.

På den ansvarlige eller eigaren sin kostnad kan skade som er gjort gjennom brot på føresegne i § 57, første, andre eller tredje ledd utbetrast, og ting som er lagde eller kasta i strid med dei nemnde føresegne, kan takast bort eller flyttast. Når tømmer eller anna er lagt på offentlig veg utanfor verksemde, bygg, forretning eller liknande, som endelig eller mellombels skal ta over det som er lagt der, er òg verksemda ansvarlig for betaling av dei utgiftene som er nemnde ovanfor.

Politiet kan ta seg av dyr som i strid med føresegne i § 57, fjerde ledd er komne inn på offentlig veg eller egedomsområdet til offentlig veg. Kan dyret ikkje straks leverast attende til eigaren eller nokon på hans vegner, kan politiet sette det inn. Reglane i kapittel II i lov 16. juni 1961 nr. 12 om ymse beitespørsmål gjeld i så fall tilsvarande.

§ 59.

Følgjande krav er tvangsgrunnlag for utlegg:

- 1) utgifter som kjem på av arbeid eller tiltak som vedkomande styremakt med heimel i denne lova har sett i verk på den ansvarlige sin kostnad,
- 2) tilskottssum som er fordelt mellom dei interesserte ved skjønn etter § 26,
- 3) finansieringstilskot etter § 27 A.

